



Arkivnr: 2014/927-14

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		23.05.2017
Fylkestinget		13.06.2017

Finansrapport 1. tertial 2017

Samandrag

Fylkeskommunen si lånegjeld er om lag 10,3 mrd. kr. 47,9% av gjelda har rente som er bunden i meir enn eitt år. Fylkeskommunen er lite utsett for renteendringar på kort sikt. Men på lengre sikt kan ein eventuell auke i rentenivået bli ei stor utfordring.

Gjennomsnittleg rentenivå for låneporteføljen er 2,33 %, som er 0,03 % lågare enn ved årsskiftet.

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek finansrapporten for 1. tertial 2017 til orientering.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Rapport gjeldsportefølje pr. 30.04.2017 (BCM)

Fylkesrådmannen, 04.05.2017

I 1. tertial er det teke opp eit nytt obligasjonslån på 440 mill. kr med fast rente i 7 år (2,34 %). Fylkeskommunen si gjeld har dermed passert 10 mrd. kr.


Lånegjeld

	kr 1 000	
	Fylkeskassen	Bompengeprosjekt*
Lånesaldo 1. januar	9 879 691	197 000
Nye låneopptak i 2017	440 000	0
Avdrag	0	0
Lånesaldo 30. april	10 319 691	197 000

* Bompengeprosjekt omfattar E134 Stordalstunnelen og Årsnes ferjekai, der fylkeskommunen har teke på seg oppgåva som "bompengeselskap".

Låneporteføljen fordeler seg slik:

	Tal lån	Beløp	Andel
Sertifikatlån	7	2 451 000	23,7 %
Obligasjonslån	10	4 210 000	40,8 %
Kommunalbanken (langsiktige)	12	3 658 691	35,5 %
Totalt	29	10 319 691	100,0 %



Nye låneopptak dei siste åra har for det meste blitt gjort i form av obligasjonslån. Denne lånetypen utgjør no i overkant av 40% av samla låneportefølje, og har dermed passert kommunalbanklån, som største lånekjelde.

Sertifikatlån og obligasjonslån er lån direkte i marknaden, der banken opptre som mellommann. Sertifikatlån har løpetid på inntil 1 år, medan obligasjonslån har løpetid på over 1 år.

Gjeldsgrad


Ved siste årsskifte hadde Hordaland fylkeskommune ein netto gjeldsgrad på 109,2 % av driftsinntektene. Dette er høgaste gjeldsgraden mellom fylkeskommunane. I gjennomsnitt utgjorde netto lånegjeld for fylkeskommunane 69,1 % av driftsinntektene. Gjeldsgraden for Hordaland auka frå 101,6 % i 2015.

Ein ventar at Hordaland i 2017 vil kome opp i ein gjeldsgrad på i overkant av 113 %.

Det er vanskeleg å setje noko eksakt grense for kva som er eit berekraftig gjeldsnivå. Det avheng av mange faktorar, t.d. framtidig inntektsvekst, forventning om utvikling i rentenivå osv. I ein rapport frå Riksrevisjonen (Dokument 3:5 2014-2015) vert grensa for når gjeldsnivået byrjar å bli faretruande høgt sett ved 75 %. Dette tilseier at Hordaland fylkeskommune i komande økonomiplanar bør leggje opp til å dempe veksten i lånegjelda.

Grafen nedanfor viser utviklinga i gjeldsgrad i Hordaland og nokre andre fylkeskommunar som det er naturleg å samanlikne seg med. Hordaland ligg heilt i toppen saman med Sør-Trøndelag.

Eit stort investeringsprosjekt, som er spesielt for Hordaland, er bybaneutbygging. Dette vert i stor grad finansiert med bompengar. Men fylkeskommunen har finansiert vognene med lån. Om ein held lån til bybanevogner utanom, går gjeldsgraden i 2016 ned frå 109,2 % til 102,2 %.



Forvaltning av gjeldsporteføljen

I finansreglementet er det bestemt at "halvparten av lånegjelda bør som hovudregel ha fast rente. Andelen fast rente kan likevel variera mellom 40 % og 60 % ut frå om ein finn vilkåra for binding gunstige eller ikkje."

Tabellen nedanfor gjev oversyn over fordelinga mellom fast og flytande rente:

	31. des. 2016		30. apr. 2017	
	Lånesaldo	Andel	Lånesaldo	Andel
Lån med rentebinding over 1 år	4 826 000	48,8 %	4 941 000	47,9 %
Lån med flytande rente / rentebinding under 1 år	5 053 691	51,2 %	5 378 691	52,1 %
Totale lån	9 879 691	100,0 %	10 319 691	100,0 %

Ein har definert grensa mellom fast og flytande rente ved 1 år. Ved utgangen av april hadde 47,9 % av låneporteføljen fast rente.

Gjennomsnittleg rentesats for heile låneporteføljen har i løpet av 1. tertial gått ned frå 2,36 % til 2,33 %.

Renteregulering

Gjennomsnittleg bindingstid på renta skal vere minimum 1 år og maksimum 4 år. Pr 30. april er bindingstida 1,9 år.

Oppstillinga nedanfor viser kor stor del av låneporteføljen som har renteregulering kvart år. 45,2 % av låna vil få regulert renta i løpet av 2017.

År	Beløp	Tal lån	Andel
2017	4 663 691	13	45,2 %
2018	945 000	3	9,2 %
2019	951 000	3	9,2 %
2020	1 005 000	3	9,7 %
2021	1 495 000	4	14,5 %
2022-	1 260 000	3	12,2 %
Total	10 319 691	29	100,0 %

Løpetid

For å redusere refinansieringsrisikoen, skal låneporteføljen vere diversifisert med omsyn til løpetid. Einskildlån skal aldri utgjera meir enn 10 % av den samla gjeldsporteføljen.

Tabellen nedanfor gjev oversyn over lån som har forfall kvart år framover.

År	Beløp	Tal lån	Andel
2017	2 786 000	8	27,0 %
2018	945 000	3	9,2 %
2019	1 540 000	4	14,9 %
2020	1 005 000	3	9,7 %
2021	1 483 000	4	14,4 %
2022	813 300	2	7,9 %
2023-	1 747 391	5	16,9 %
Total	10 319 691	29	100,0 %

Pr. 30. april har fylkeskommunen 6 sertifikatlån og 1 kortsiktig lån i Kommunalbanken med sertifikatvilkår. Tre av låna har løpetid på 3 mnd. og fire på 12 mnd. Obligasjonslåna har løpetider frå 3 - 10 år, medan dei fleste Kommunalbanklåna har løpetid på 10 år.

For å avgrense refinansieringsrisikoen, er det viktig å planleggje forfall, slik at ein unngår at mange lån har forfall i løpet av eit kort tidsrom. På neste side er vist eit detaljert oversyn over lån som har forfall i 2017. I

tillegg til sertifikatlåna, er det 2 langsiktige lån som har forfall. Eit obligasjonslån skal fornyast i oktober. Eit langsiktig Kommunalbanklån som har forfall, vil truleg ikkje bli refinansiert, men betalt som avdrag.

For tre av setifikatlåna har ein «rulleringsavtale» med DNB. Dvs. at banken fornyar låna ved kvart forfall. På denne måten har ein redusert refinansieringsrisikoen til eit minimum. For tida oppnår ein lågare rente på denne måten enn om ein hadde teke opp meir langsiktige lån.

Forfallsdato	Type lån	Beløp	Kommentar
22.05.2017	Sertifikat 3 mnd.	340 000	Rulleringsavtale
08.06.2017	Sertifikat 12 mnd.	335 000	
30.06.2017	Sertifikat 3 mnd.	221 000	Rulleringsavtale
28.07.2017	Sertifikat 3 mnd.	345 000	Rulleringsavtale
01.10.2017	Obligasjonslån 2013/2017	425 000	
27.10.2017	Sertifikat 12 mnd.	350 000	
21.11.2017	Kommunalbanken 2007/2017	300 000	Del av årets avdrag
23.11.2017	Kommunalbanken sertifikatvilkår 12 mnd.	470 000	
TOTALT		2 786 000	

Likvide midlar

Ein kan gje følgjande oversyn over innskot og plasseringar ved utgangen av april:

	Des. 2016	April 2017
Pengemarknadsfond	110 855	150 855
Ordinære bankinnskot	687 996	1 144 295
Skattetrekksmidlar	112 707	74 480
Bankinnskot "øyremerkte" midlar	561 812	552 538
Bankkonti bompengeprojekt	150 840	135 791
Sum innskot og fond	1 624 210	2 057 960
Kassabeholdningar	21 656	22 561
Sum likvide midlar	1 645 866	2 080 520

Bankinnskot har auka ein god del sidan årsskiftet. Sum likvide midlar var over 2 mrd. kr ved utgangen av april.

Ein viktig grunn til at bankinnskot har auka er at forbruket til investeringar har vore vesentleg lågare enn eit jamt forbruk gjennom året skulle tilseie. Ein annan grunn til at det er vanleg å ha god likviditet på denne årstida er at rammetilskotet frå staten vert betalt ut i 10 av årets 12 månader. Det er 6 utbetalingar i 1. halvår og 4 utbetalingar i 2. halvår.

Plassering av midlar i pengemarknadsfond er auka med 40 mill. kr.

Renterisiko

Slik situasjonen er pr. 30. april, vil endringar i rentenivået gje små utslag for fylkeskommunen første året. Ein auke i rentenivået på 1 % ville føre til auka renteutgifter med 33,7 mill. kr. På den andre sida ville ein få auka inntekter av bankinnskot, utlån og rentekompensasjon med om lag same summen.

Ein kan konkludere med at fylkeskommunen er lite utsett for renteendringar på kort sikt. Men om ein ser 3-4 år fram i tid, er auke i rentenivået ein stor risikofaktor.

Prognose i høve til budsjett

Så langt er det ikkje konstatert nemnande avvik i høve til budsjettet.

Som vedlegg til saka følgjer ein rapport utarbeidd av Bergen Capital Management. Her finn ein meir detaljopplysningar, m.a. ei oppstilling av alle fylkeskommunen sine lån med gjeldande rentesatsar.